



MASFJORDEN KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJON

5981 MASFJORDNES

Orgnr 974781557

Tilsyn - MASFJORDEN KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJON

Vi viser til tilsyn den 27.04.2016.

Viser vidare til vedtak om pålegg av 4.7.2017 og varsel om tvangsmulkt av 7.5.2021 med frist for å komme med kommentar til varselet sett til 1.6.2021.

Viser så til møte med kommunen den 27.5.2021. På møtet deltok Sveinung Toft (ass. rådmann), Sigvald Kvinge (brannsjef), Bjørn Egil Nordland (hvo) og Ole Kristian Reknes (vo). Frå Arbeidstilsynet deltok Jan Petter Sæbø (Seksjonsleiar) og Sigrid Røyrrhus (Insp.)

I møtet gjorde kommunen greie for status, planar og ulike utfordringar ved brannstasjonane i kommunen, og den mobile eininga som er etablert som første barriere for å hindre eksponering av kjemiske forureiningar. Arbeidstilsynet informerte om kva krav som gjeld for brannstasjonar og tiltak som må etablerast for å hindre/reducere risiko for eksponering, både ved brannstasjonane, bruk og vask av arbeidstøy/verneutstyr, bruk av privatbilar ved brannutrykking mv.

Vidare informerte Arbeidstilsynet at kommunen innan 01.11.2021 må ha gjennomført tiltaka. Der ein ikkje har på plass permanente tiltak innan fristen, må kommunen ha etablert midlertidige løysingar. Nærmare informasjon om krava frå Arbeidstilsynet går fram av varsel om tvangsmulkt datert 07.05.2021.

Vedtak om tvangsmulkt

I brev fra oss 07.05.2021 fikk dere frist til 01.06.2021 for å komme med kommentarer til varsel om tvangsmulkt.

I møtet opplyste kommunen at dei tok varsel om tvangsmulkt til vitande. Arbeidstilsynet informerte om vi ville sende ut vedtak om tvangsmulkt med frist 01.11.2021 for oppfylle pålegget.

Arbeidstilsynet har heimel i arbeidsmiljølova § 18-7 til å fastsette tvangsmulkt. **Vi gir dykk ei tvangsmulkt for følgande:**

Kjemisk helsefare – plan med tiltak for å hindre/reducere kjemisk eksponering



Arbeidsgivaren skal sørge for å utarbeide ein plan for tiltak som skal settast i verk for å hindre eksponering for kjemiske forureiningar i arbeidsmiljøet og førebygge helseskadar. Dette skal gjerast i samarbeid med verneombodet / ein representant for dei tilsette.

Vilkår:

For å kunne vurdere om pålegget er oppfylt, må vi innan fristen ha fått ein tidfesta plan med tiltak for dei sju brannstasjonane som minst sikrar:

- skilje mellom reine og ureine soner i brannstasjonane
- garderobar med ureine og reine soner med dusj, handvask og toalett.
- åtskilte garderobar for kvinner og menn
- tilstrekkelig plass til skap for privat tøy
- tilstrekkelig plass til skap for brannbekledning
- tilstrekkelig ventilasjon
- ventilasjon for å redusere risiko for kjemisk eksponering ved vask av brannbekledning og utstyr.
- at brannstasjonane er innretta og dimensjonert for dagens bruk
- Ei beskriving av korleis verneombodet/representanten for dei tilsette har medverka.
- Dokumentasjon som viser bistand frå bedriftshelsetenesta i arbeidet med utarbeiding av planar for tiltak.

Planane skal vere forankra i kommunen sitt budsjett.

Heimel: arbeidsmiljøloven § 3-1 første ledd og andre ledd bokstav c og 3-2 første ledd bokstav c, forskrift om utførelse av arbeid, bruk av arbeidsutstyr og tilhørende tekniske krav (forskrift om utførelse av arbeid) § 3-8 , forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler (arbeidsplassforskriften) § 7-1 og forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) § 5 andre ledd nr. 6

Dersom ovenstående ikkje er oppfylt innan den 01.11.2021, vil Arbeidstilsynet krevje inn tvangsmulkt på kr 2 000 pr. virkedag (måndag til laurdag).

Kva skjer viss de ikkje oppfyller punktet innan fristen?

Dersom punktet ikkje er oppfylte innan fristen, må verksemda betale ei tvangsmulkt. Først når Arbeidstilsynet har mottatt ei skriftleg tilbakemelding om at punktet er oppfylte, og vi har avslutta punktet, vil tvangsmulktbeløpet slutte å auke.

Statens innkrevjingssentral krev inn alle tvangsmulfter for Arbeidstilsynet. De vil få eit eige brev med rekning frå Statens innkrevjingssentral. Dersom de ikkje betaler tvangsmulka til Statens innkrevjingssentral innan fristen, vil beløpet med gebyr bli kravd inn med tvang.

De kan klage



De kan klage på vedtak jf. forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker frå de får vedtaket. For nærmare informasjon om klageinstans, fremgangsmåte ved klage og retten til å sjå dokumenta i saka, sjå www.arbeidstilsynet.no/klage.

Kva må de gjere?

De må sende oss ei skriftleg tilbakemelding for kvart enkelt punkt innan fristen. Tilbakemeldinga skal underteiknast av arbeidsgivaren eller ein representant for arbeidsgivaren. Tilbakemeldinga kan også underteiknast av verneombudet eller ein representant for dei tilsette.

Informasjon til verneombudet

Verneombudet skal gjerast kjent med vedtak frå Arbeidstilsynet, jf. arbeidsmiljølova §§ 6-2 sjette ledd og 18-6 åttande ledd. Vi har sendt ein eigen kopi av dette brevet til verneombudet. Dersom verksemda ikkje har verneombod, skal arbeidsgivaren gi kopien til representanten for dei tilsette.

Har de behov for meir informasjon?

De finn meir informasjon om Arbeidstilsynet og om regelverket på www.arbeidstilsynet.no og www.regelhjelp.no. De kan også kontakte oss på telefon 73 19 97 00. Dersom de har spørsmål til saka, kontakt sakshandsamaren, oppgi referansenummer 2016/20793.

Med helsing
Arbeidstilsynet

Jan Petter Sæbø
seksjonsleder

Sigrid Røyarhus
seniorinspektør

Dette brevet er elektronisk signert.

Kopi til:
MASFJORDEN KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJON Att.: Rådmannen, Sandnes, 5981
MASFJORDNES